

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Deres ref.	Arkivsakid-doknr:	2015000301 - 3	Saksbeh:	Siv Marislett Sekse	Arkivkode:	Dato:
	Journalpostid:	2015003745	Telefon:	53 65 46 80	K1 - 073, K3 - &13	09.03.2015

Høringsuttale til Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) si høyring av rapporten: Forenkling av utmarksforvaltningen

Vedlagt følger vedtak.

Vennlig hilsen
For Teknisk forvaltning

Kristian Eide Jensen
Plansjef

Siv Marislett Sekse
jordbrukssjef



Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Odda kommunestyre	04.03.2015	015/15

Høringsuttale til Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) si høyring av rapporten: Forenkling av utmarksforvaltningen

Dokumentnr	Tittel
257832	Høring - Faggrupperapport - Forenkling av utmarksforvaltningen
257833	Rapport faggruppe
257834	Høringsuttalelse frå USS

Rådmannens forslag til

vedtak:

Odda kommune har fylgjande høringsuttale til rapporten «Forenkling av utmarksforvaltningen»:

Odda kommune er positive til *intensjonen* om ei enklare og sterkare lokal forvaltning av utmark. Det er oftast nær samanheng mellom forenkling for brukarane og eit styrka lokalt ansvar, noko som kjem fram av rapporten og fleire av dei tiltaka faggruppa har kome med framlegg om.

Odda kommune meiner likevel at faggruppa ikkje har hatt nok kunnskap på einskilde felt og nokre av dei føreslegne tiltaka vil ikkje medføra reell flytting av styresmakt til lokalt nivå. Mange av dei føreslegne tiltaka gjev kommunane fleire oppgåver, men ikkje reelt større ansvar og mynde, og ikkje ressursar som står i høve til nye oppgåver.

Nokre av framlegga flytter oppgåver frå lokalt til statleg nivå, og går slik motsett veg av Regjeringa sitt mål om å styrka lokal forvaltning og redusera statleg rolle. Dette gjeld delar av framlegget om utmarksstyre og flytting av oppgåver frå Fjelloppsynet til Statens naturoppsyn (SNO).

Høringsinstansane må vurdere framlegga til tiltak utifrå slik kommunegrensene ligg i dag, sjølv om det fyrst vil få verknad for dei nye kommunane. Det er vanskeleg å vurdere konsekvensane for ein ukjend kommunestruktur.

Mykje av utmarksarealet i Odda kommune er statsallmenning og er difor ein viktig del av

utmarka i kommunen. Odda kommune meiner at spørsmål ikring allmeningsrettane må gjevast ei avklaring før kommunereform, og før ein set i gang tiltak for å gjera utmarksforvaltinga enklare. Her rår Odda kommune til at Regjeringa følgjer råda frå Norges Fjellstyresamband (NFS) om korleis dette kan handterast.

Forvalting av statsallmenningane, og organiseringa av fjelloppsynet og SNO, er viktige tema for Odda kommune, sidan så store delar av kommunen er statsallmenning. Odda kommune viser her til NFS som har laga ei god og utfyllande uttale til fagrapporten på dei tema som gjeld forvaltinga av statsallmenningane og arbeidsdelinga mellom Statskog, fjellstyra, fjelloppsynet og SNO. Deira uttale dekkjer òg Odda kommune sitt syn på dei tema som NFS har omtala i si høyringsuttale.

Det er gjort framlegg om å erstatta verneområdestyra med utmarkstyre. Utmarksstyra er òg tenkt slegne saman med villreinnemndene, der det er aktuelt. Eksisterande modell for organiseringa av villreinnemndene er både demokratisk og gjev lokal forvalting av villreinen. Dersom grensene for utmarksstyra skal vera lik verneområdet si geografiske utstrekning, vil forvaltinga av villreinen kunna verta fragmentert. Forvaltinga av villreinen vil då skje i høve til det einskilde utmarkstyre sitt virkeområde og ikkje villreinområdet si utstrekning. Ei samanslåing av villreinnemndene med verneområdestyra må difor verta utgreia nærare. Villreinutvala bør halda fram som mellomledd mellom rettshavarane/grunneigarane og styresmaktene.

Odda kommune støttar faggruppa sitt framlegg om at fylkeskommunane sine fiske- og viltoppgåver vert overført til kommunane. Ein klar føresetnad må vera at det òg fyl med ressursar til å løysa desse oppgåvene.

Odda kommune sluttar seg til Utmarkskommunenenes Sammenslutning (USS) si uttale til rapporten om «Forenklinga av utmarksforvaltningen».

Rådmannen i Odda, 20.2.2015

04.03.2015 Odda kommunestyre

Behandling:

Sekretær for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning Trine Hilstad møtte til saka.

Saka vert fremma direkte til kommunestyret i samsvar med bestilling av Utviklingskomiteen i møte 18. februar til melding om denne høyringa

OK-015/15 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag vart samr. vedteke

Saka gjeld:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har sendt rapporten "[Forenkling av utmarksforvaltningen](#)" på høyring. Høyringsfristen er sett til den 27. februar 2015. Odda kommune har fått utsett frist til 9. mars 2015. Rapporten er utarbeidd av ei faggruppe som vart oppnemnd av KMD 7. juli 2014. Faggruppa skulle ta utgangspunkt i regjeringa si erklæring om «Levande lokaldemokrati» og leggja til grunn at:

- Brukarane skal oppleva ei vesentleg enklare forvaltning og sakshandsaming
- Kommunane skal få større ansvar og styresmakt innan utmarksforvaltinga

Faggruppa skildrar fyrst kva **mandat** faggruppa har, og korleis dei sjølve forstår oppdraget. Vidare har dei med eit kapittel der dei **definerer** kva dei legg i ulike omgrep. T.d. vert det lagd til grunn at med utmark i denne rapporten vert meint friluftsløva sin definisjon av utmark.

Faggruppa meiner at det må gjennomførast fleire typar tiltak for at tilhøva for brukarane av utmark vert betre. Tiltaka skal føra til at brukarane vil oppleva at forvaltingsapparatet vert meir tilgjengeleg, forvaltingsprosessen vert enklare å forstå, at det skal verta enklare å fremja søknad, høve til å delta i avgjerdsprosessar skal verta betre og handsaming av søknader skal ta kortare tid.

Rapporten definerer òg kven som er brukarar og kven som er styresmakter. **Brukarane** av utmark er i fylgje skildringa i rapporten:

- Grunneigarar og andre rettshavarar (grunneigarar kan vera einskildpersonar, sameiger, føretak, selskap, grunneigarlag, stat og kommune)
- Samisk reindrift
- Interesseorganisasjonar (grunneigar- og landbruksorganisasjonar, miljø- og friluftsgesjonar, velforeiningar og idrettslag)
- Næringsaktørar (verksemd, selskap eller føretak som driv med aktivitetar eller planlegg tiltak i utmarka der økonomisk vinning er det primære. T.d. landbruksverksemd, guida turverksemd, reiselivsaneleg, hyttefelt, vindkraft, utvinning av mineral)
- Ålmenta (alle som ferdast i og nyttar seg av naturområda. I fylgje Faggruppa er dette ein stor aktør i utmarka).
- Offentlege organ og føretak.

Styresmaktene for utmarksforvaltinga vert i rapporten delt i nasjonale, regionale og kommunale. Dei **nasjonale** styresmaktene ligg for det meste på departementsnivå, her er det Landbruks- og matdepartementet (LMD), Klima- og miljødepartementet (KLD) og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

På **regionnivå** vert fylkesmannen, fylkeskommunen, villreinnemndene og verneområdestyra, nemnde som dei mest sentrale offentlege organa innan utmarksforvaltinga.

Kommunane sine oppgåver som vert omtala i denne rapporten er planlegging og byggjesak, tilrettelegging for friluftsliv og lokal næringsutvikling, delta i utforming av regionale planar, forvaltingsplanar og forskrifter og forvalting av anadrome laksefisk og innlandsfisk. Kommunane skal òg velja kven som skal sitja i det lokale fjellstyre og dei skal koma med framlegg til representantar i regionale villreinnemnder og verneområdestyre.

Faggruppa viser til at Plan- og bygningslova (PBL) er meint som felles arena for avveging av ulike interesser knytte til arealbruk. Slik forvaltinga vert praktisert i dag, får planleggjinga mindre å seia som styringsverky i utmarksforvaltinga. Nokre lover er fullt ut integrert i plansystemet, andre forvaltingssystem gjeld parallelt med, eller ved sida av plansystemet. Framlegg om nye tiltak vil kunna endra føresetnadane for allereie vedtekne planar.

Kommunane kan koma til å godkjenna tiltak i strid med arealføremålet i eksisterande planar ved å gje dispensasjonar eller fatta vedtak om omreguleringar.

Av **forvaltningssystem** i utmarka nemner faggruppa arealplanleggjing, forvalting av store verneområde, forvalting av statsallmenningar, reindriftsforvalting, landbruksforvalting, villreinforvalting, viltforvalting, fiskeforvalting, utvikling av naturbasert reiseliv, forvalting av friluftsliv, naturoppsyn og Finnmarkseigedomen.

Faggruppa syner til Riksrevisjonen si undersøkjing av arealutvikling og arealplanleggjing. Riksrevisjonen sin konklusjon er at arealutviklinga i Noreg ikkje er i tråd med Stortinget sine mål om ei berekraftig disponering av areala. Det vert framleis bygd ned areal i strandsona, vassdragsbelta, snaufjellet og i store samanhengande naturområde. I fjellet aukar byggjinga av fritidshus. Nedbyggjinga av areala har konsekvensar for viktige verdiar som produktive jordressursar, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø og for friluftsliv.

Når det gjeld forvaltinga av store verneområde, viser faggruppa til at Riksrevisjonen meiner det er for tidleg å evaluera områdestyra si forvalting. Dei meiner likevel at forvaltinga legg mest vekt på brukarinteresser. I nokre område skapar dette vanskar i høve til verneføremål og internasjonale avtalar om villrein og samisk reindrift.

Faggruppa skriv i rapporten sin at dei har lagt stor vekt på å trekkja brukarar, interesseorganisasjonar, rettshavarar og styresmakter på ulike nivå inn i arbeidet med rapporten. Faggruppa skildrar ulike **innspel** frå kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn, aktørar innan landbruket, næringslivsaktørar, miljø- og friluftsansjonar og frå samiske interesser.

I Kapittel 5 i rapporten er skildra **prinsippa og føresetnadane for forenklingstiltak**. Her skriv faggruppa at endringane i utmarksforvaltinga må byggja på dei same prinsippa og kriteria som gjeld for utvikling av offentleg sektor elles. Faggruppa sine tilrådingar byggjer på utredninga frå “Oppgavefordelingsutvalget” (NOU 2000:22) og rapport av mars 2014 frå “Ekspertutvalet for kriterier for god kommunestruktur”.

I “Oppgavefordelingsutvalget” si utgreiing vert det peika på at kommunane sitt handlingsrom vert svekka av statleg detaljstyring.

Ekspertutvalet legg vekt på at det i forvaltinga skal vera kompetanse, distanse, funksjonelle samfunnsområde, effektivitet, eit levande lokaldemokrati og politisk og økonomisk handlingsrom.

Faggruppa rår til at flest mogeleg utmarksoppgåver vert overført til kommunane. Dette skal gje ei meir heilskapleg utmarksforvalting som er meir demokratisk og effektiv.

For at kommunane skal få overført oppgåver må dei ha tilfredstillande kompetanse og kapasitet. Kommunane må syta for at det er stor nok avstand mellom brukarane og dei som handsamar sakene. Ugildskap kan vera eit problem, særleg i små kommunar. Forvaltinga av ressursar som har nasjonal interesse, må vera tilfredstillande.

Til sist i rapporten kjem faggruppa med **framlegg til tiltak**. Tiltaka som er føreslegne er:

- Større ansvar og styresmakt til kommunane:
- Forvalting av verneområde - Ansaret for forvaltinga av verneområde innanfor kommunen sine grenser, vert overført til kommunen. Vernestyresmaktene bør vedta eit delegasjonsreglement for alle reglar om unntak og dispensasjonar i vernereglane og dette bør kunna delegerast til kommunane. Omsyn til naturbasert næringsutvikling skal i større grad takast med i forvaltingsplanane for verneområda.
- Fylkeskommunen sin oppgåver med bestandsforvalting etter innlandsfiskelova og

jaktbare artar etter viltlova, er føreslege overførte til kommunane

- Fyrstelineansvar for kommunane:
- Brukarane skal ha *ei* dør inn og *ei* dør ut av forvaltingsapparatet. Kommunane vil få ansvar for å ta imot og formidla vidare alle søknader om løyve til tiltak i utmark og ha ansvaret for å formidla vedtak attende til brukarane. Det same skal gjelda for mottak og vidareformidling av klager. Kommunane skal òg rettleia brukarane om rettsreglar, søknadsprosessar og arealstatus i kommunen.
- Kapasitet og kompetanse i kommunane
- Kommunane si forvalting av utmarka skal vera kunnskapsbasert. Kommunane skal ha generell kompetanse innan utmarksforvalting. Handsaming av utmarksaker skal skje med tilstrekkjeleg distanse til brukarinteressene.
- Utmarksstyre
- Faggruppa føresler at verneområdestyra vert erstatta av utmarksstyre. Utmarksstyra skal òg overta oppgåvene til villreinndene. Utmarksstyre skal utarbeida nye forvaltingsplanar og ha meir ansvar for forvaltingsoppsynet. Utmarksstyra skal vera breitt samansette, men med eit avgrensa tal medlemmer. Noko som kan medføra at alle kommunane ikkje er representerte til ei kvar tid.
- IKT-løysingar
- Faggruppa sitt framlegg er felles elektronisk søknadssystem for løyve og dispensasjonar i utmarksforvaltinga. Det skal vera ein nasjonal portal for utmarksforvalting.
- Rapportering og dokumentasjon
- Faggruppa føresler at all verksemd kommunane har i samband med utmarksforvalting, vert rapportert i KOSTRA.
- Naturoppsyn
- Faggruppa har kome med ein del framlegg til tiltak som dei meiner bør vurderast nærare. M.a. ei tydelegare rollefördeling mellom SNO og forvaltingsstyresmaktene, og at dei offentlegrettslege oppsynsoppgåvene som Fjelloppsynet utfører i medhald av Fjellova, vert lagde til SNO.
- Statsallmenningar
- Faggruppa rår til at det vert sett i gang eit særskilt lovarbeid for å revidera forvaltinga av statsallmenningane. Arbeidet skal klargjera ansvars- og oppgåvefördelinga mellom forvalting etter fjellova og allmenningslova, og kommunal utmarksforvalting etter gjeldande lovverk. Dei punkta som bør vurderast, meiner faggruppa er:
 - Statskog sine offentlegrettslege myndigheitsoppgåver etter fjellova
 - Fjellstyra sine offentlegrettslege forvaltings- og oppsynsoppgåver etter fjellova
 - Gjennomgang av ansvarsfördelinga mellom Statskog (grunndisponering) og fjellstyra (administrasjon av bruksrettane)
 - Ålmenta si tilgang til jakt og fiske i statsallmenning, særleg med tanke på villreinjakt og småviltjakt med hund.
- Kunnskap om naturressursar
- Framlegget er at ei nasjonal kartleggjing av naturverdiane og naturmangfaldet i Noreg skal fullførast.
- Meir tydeleg og samordna nasjonal politikk i utmark
- KMD skal få ansvar for å utforma ein meir tydeleg nasjonal utmarkspolitik.

- Lovutval for utmark
- Framlegg om at det vert nemnd opp eitt utval som får i oppdrag å ta ein samla gjennomgang av offentlegrettslege lover og forskrifter innan utmarksforvalting. Føremålet er eit lovmessig grunnlag for meir samordna og effektiv forvalting av utmarka.

Både USS og NFS arbeider òg med uttale til rapporten "Forenkling av utmarksforvaltninga". Deira uttale fylgjer som vedlegg i saka.

Vurdering /drøfting:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet ber høyringsintansane særleg om synspunkt på om:

- Dei føreslegne tiltaka vil føra til forenkling av utmarksforvaltninga?
- Er det andre tiltak som er viktig å få gått igjennom og gjennomført?

At tiltak som legg til rette for meir lokal forvalting og som fører til betre oversikt og enklare forvalting av utmarka er positivt, er dei fleste samde om. I ynskjet om å gjera forvaltninga meir effektiv og enklare, er det ein fare for at kvaliteten på forvaltninga vert dårlegare. Når det vert lagd til rette for meir lokal forvalting, må det sytast for at viktige og sårbare ressursar som har nasjonal interesse, vert forvalta på ein tilfredsstillande måte.

Faggruppa seier at arbeidet skal avgrensast mot arbeidet med kommunereforma. Om kommunereforma seier regjeringa at større og meir robuste kommunar kan få større oppgåver og ta meir ansvar enn kva som er tilfellet i dag. Dette kan tolkast som at kommunane ikkje kan få overført fleire oppgåver, ansvar og styresmakt før dei er vortne større. USS har i si uttale meir utfyllande kommentarar til dette punktet (i kapittel 2.1.1).

For dei verneområda der heile arealet ligg innanfor kommunen sine grenser, føresler faggruppa at kommunen skal få ansvar for forvalting av verneområdet. Der ressursane i utmarka er å finna i store samanhangande naturområde, t.d. større verneområde, villrein og reindrift, meiner faggruppa dei må forvaltast heilskapleg på tvers av administrative grenser på kommune- og fylkesnivå. Dette er situasjonen i dag, der forvaltingsoppgåvene er lagde til verneområdestyre, villreinnemnder og fylkesmennene. Faggruppa sitt framlegg er at desse vert slegne saman til eitt utmarksstyre. Sidan rapporten har som føresetnad ei kommunereform, vil det ikkje vera kommunegrensene i dag som er avgjerande for kva for nokre verneområde som vil verta forvalta av ein kommune og kva for nokre av eit regionalt utmarksstyre.

Som eit prinsipp for sakshandsaming og avgjerdssystemet for utmarkssaker, legg faggruppa til grunn at det skal vera oversiktleg, demokratisk og effektivt for brukarane. I framlegget til kven som skal sitja i utmarksstyra, seier faggruppa at dei skal vera breitt samansette med eit avgrensa tal medlemer, og at grunneigarar, næringsinteresser og miljø- og friluftinteresser bør vera representerte. Villreininteresser eller reindrift skal vera representert der dette er relevant. Dei fleste utmarksstyra vil forvalta område som ligg i mange kommunar, men alle kommunane kan ikkje rekna med å vera representert i utmarksstyret til ei kvar tid. Ei relevant spørsmålsstilling vil vera kor demokratisk og kor vedtaksført eit slikt utmarksstyre vil vera. USS har omtala dette punktet i kapittel 6.4.2 i deira uttale, og meiner at: *«det er avgjørende å sikre at styrene er demokratisk forankret og at alle kommunestyre innenfor verneområdet derfor må få utnevne en representant til verneområdestyret/utmarksstyret».*

Utmarksstyra skal nemnast opp av Miljødirektoratet etter framlegg frå kommunane. Om det for dei verneområda som ligg innanfor ein kommune, skal nemnast opp eit kommunalt utmarksstyre, eller om det er opp til kommunen sjølv å organisera dette, går ikkje klart fram av rapporten.

Mellom anna framlegget om at kommunane skal få ansvar for å ta imot og formidla vidare alle søknader om, og klage på, vedtak om løyve til tiltak i utmark og ha ansvaret for å formidla vedtak attende til brukarane, vil gje kommunane fleire arbeidsoppgåver. Rapporten seier ikkje noko om kommunane òg skal få overført fleire ressursar til dette arbeidet, men viser til større og meir robuste kommunar. For brukarane vil dette opplevast som ei forenkling. I fleire kommunar fungerer dette slik i praksis i dag, men det er ikkje formalisert.

Odda kommune har store utmarksareal, og to store statsallmenningar ligg heilt eller delvis innanfor kommunen sine grenser. Ei omlegging av forvaltinga av statsallmenningane vil difor kunna ha mykje å seia for Odda kommune.

For at spørsmål om forvalting og rettar i statsallmenning ikkje skal skapa usikkerheit i samband med kommunereform og i arbeidet med ei enklare utmarksforvalting, bør spørsmål omkring allmenningsrett vera avklara fyrst. NFS har sendt ei tilråding til Regjeringa om korleis dei meiner dette spørsmålet kan løysast. Dei meiner at Kgl. Res. av 1964 vert ført vidare. Her er det kommunegrensene frå 1956 som ligg til grunn for allmenningsrett eller ikkje. Vidare rår NFS til at fjellstyrestrukturen slik han er i dag, vert oppretthalden inntil vidare og vert vurdert fyrst etter at ny kommunestruktur er klar.

I rapporten si omtale av forvaltningssystema skriv faggruppa at fjellstyra sin administrasjon av jakt og fiske «skiller mellom *tildeling* av rettigheter mellom innenbygds- og utenbygdsboenede». Fjellstyra tildeler ingen rettar, dei *administrerer* eksisterande bruksrettar, som er retten til allmenningsbruk som jordbrukar og retten til jakt, fangst og fiske.

Faggruppa sler fast at «privatrechtslege bruksrettigheter i allmenningene ligger fast og vil ikke berøres av faggruppens forslag». Faggruppa meiner likevel at «allmenhetens tilgang til jakt og fiske, spesielt når det gjelder villreinjakt og småviltjakt med hund», bør vurderast. Dette er sjølvmotseiande, då dei privatrechtslege bruksrettane i statsallmenning som fylgjer av fjellov, er rett til allmenningsbruk som jordbrukar og rett til jakt, fangst og fiske.

Faggruppa meiner det skal vurderast om offentlegrettslege myndigheitsoppgåver (ikkje oppsyn) i statsallmenningane som i dag ligg til Statskog og fjellstyra, kan overførast til kommunane. Av dette og andre framlegg til tiltak som ei fylgje av dette, ser det ut til at faggruppa legg til grunn at fjellstyra har offentlegrettslege oppgåver som styresmakt. Dette er ikkje tilfelle. Statskog SF har slike oppgåver delegert frå Landbruks- og matdepartementet (LMD). USS har også kommentert dette (kapittel 6.5.4) og NFS har ei grundig gjennomgang av dette temaet i si uttale.

Fjellstyra sine offentlegrettslege oppsynsoppgåver vert føreslegne overført til SNO. Dette vil ikkje føra til forenkling. Fjellstyra sitt oppsyn vil likevel vera til stades i statsallmenningane for utføra tilsyn og skjøtseloppgåver. I dag vert statleg oppsyn/tilsyn i statsallmenningane i stor grad utført av Fjelloppsynet gjennom tenestekjøp frå Statens naturoppsyn. Det enklaste ville vera å nytta Fjelloppsynet som heilskapleg naturoppsyn i statsallmenningane. Fjelloppsynet kunne ha direkte bestillings- og rapporteringsdialog med forvaltingsstyresmakta. Ei slik løysing ville gje eit ressurskrevjande mellomledd mindre i forvaltinga, og i felten ville det både redusera ferdslen i sårbare område og vera kostnadseffektivt fordi fleire oppgåver kan løysast på same tur med etablert utstyr og infrastruktur.

Økonomiske konsekvensar:

Endringar i utmarksforvaltinga vil føra til endringar i oppgåvene kommunen skal utføra. Endrinane vil sannsynlegvis føra til endra ressurstreng.

Uttale frå kommunale råd: (Eldreråd, Råd for funksjonshemma, Ungdomsråd)

Ikkje relevant.

Risikovurdering:

Ikkje relevant.

Saka sitt forhold til

Overordna planar og lovverk:

Ikkje relevant.

Folkehelse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Ikkje relevant.

Klima, miljø og energi

Ikkje relevant.

Verdiskaping og næring

Ikkje relevant.

Samandrag/ konklusjon:

Nokre av framlegga til tiltak i rapporten vil gje ei enklare forvalting av utmarka. Faggruppa som har utarbeidd rapporten har ikkje hatt nok kunnskap på einskilde felt og dei føreslegne tiltaka vil ikkje reelt flytta styresmakt til lokalt nivå. Nokre av framlegga går på å flytta oppgåver frå lokalt til statleg nivå, og går slik motsett veg av Regjeringa sitt mål om å styrka lokal forvalting og redusera statleg rolle. Dette gjeld delar av framlegget om utmarksstyre og flytting av oppgåver frå Fjelloppsynet til Statens naturoppsyn. Kommunane får fleire oppgåver, men det er ikkje sagt noko om kva ressursar som skal fylgja med.

Saka skal ekspederast av: Sakshandsamar

Særutskrift skal sendast til: Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Arkiv